

# Årsmelding 2021

## Fjell sokn



DEN NORSKE KYRKJA  
Fjell sokn



# ÅRSMELDING FRÅ FJELL SOKNERÅD



**Jorunn  
Småbrekke Gjersvik**  
Soknerådsleiar

## Helsing frå leiaren

Å arbeida saman i Fjell sokneråd er ei velsigna oppgåve. Tenk å kunna ta del i Guds rikes arbeid med evig perspektiv. Vi er lagspelarar som vil kvarandre vel. Ordet er blitt forkynt. Innimellom har vi kunna møtast sosialt i kyrkjelydshuset. Vi saknar kvarandre, og vil så gjerne at vi kan vera ein møteplass for folk i alle aldrar i soknet. Dåpen har for det meste vore skilt frå vanleg gudsteneste. Eit stort sagn, men vore naudsynt smittevernmessig.

Ei stor takk til alle frivillige som har stilt opp i denne pandemitida! Og til dei tilsette som har strekt seg langt for å forkynna rikeleg guds ord blant barn og unge, og passa på smittevern med ekstra vask og elles alt som skal til for å utføra arbeidet i denne tida. Takk for det vi har fått til i lag. All ære til VÅR HERRE. Herrens ord kjem ikkje tomhendt attende.

## Soknerådet

Mottoet vårt for 2020-2023 er:

**NÆR GUD - NÆR MENNSKE ved å  
forkynne Kristus, bygge kyrkjelyd og fremje rettferd.**

Året 2021 har vore eit annleisår også i kyrkja. I vårhalvåret vart 8 gudstenester avlyste eller gjekk ut. Talet på deltakarar på gudstenestene vart så auka opp til 10, 50 og 100. Når kyrkjene ikkje var stengde, hadde presten/ane dåpsgudstenester etter vanleg gudsteneste, gjerne fleire etter kvarandre, for å få born døypte og ta i vare smittevern. I tillegg var det eigne dåpsgudstenester. Det var strøyming av gudstenester. Også gravferdene har hatt avgrensa tal på kor mange som kan vera saman i kyrkja. Det har vore sårt. Konfirmasjonane vart flytt til hausten, og alle konfirmantane kunne møta i kyrkja på deira konfirmasjonsdag.

I hausthalvåret har vi ikkje hatt strøyming av gudstenester. Vi fekk ha lysmesse, men ikkje syngja jula inn. Planlagd julefest måtte avlysast grunna smittevern. Lukkelegvis fekk vi ha julegudstenester, men med avgrensa deltakartal.

Ofring har gått på vipps, men etter kvart med høve til å leggja fysiske pengar i korg.

Dette har vi fått gjennomført:

- Årsmøte 2020 14.mars med etterfølgjande Soknemøte. «Aksjon Godheit» 2021: 25., 26. og 27.mai av kyrkjelydane Saron, Metodistane, Foldnes, Landro og Fjell. Det vart utført 9 utadørs oppdrag med maling,





Misjonskveld 1. september med Marit Ngamshalad.

rydding og stell av plenar og hekkar. 43 bilar vart vaska på P-plassen ved Fjell kyrkje. Nytt av året var baking og utdeling av bollar til folk som er aleine, eldre, einslege, sjuke og innvandrar.

- Pilegrimsvandring etter kystpilegrimsleia 30. mai frå Morland til Fjell kyrkje. Egil Morland var sentral i førebuinga med kulturetat og gjennomføring av turen. Over 30 startande frå Morland kl. 10.00 med etterfølgjande gudsteneste ved Knut Kaldestad.
- Fornya misjonsavtale med NMS i Thailand frå 31.08.2020-1.07.2024 kr 10.000 årleg. Og bistandsprosjekt School support Laos frå 31.08.2020–1.07.2024. kr. 20.000 årleg. Misjonskveld 1. september med Marit Ngamshalad.
- Hausttakkefest 24.oktober med basar og kyrkjekaffi
- Kunstutstilling
- Open kyrkje/onsdagsfellesskap: Dette er eit satsingsområde for 2021. Onsdagane vil også bli ein felles dag i kyrkja. Soknepresten held morgonbøn, 07.00 – 07.20, kl. 10 er det tur etter evne, kl. 11.00 kaffikos og kl. 12.00- 12.20 middagsbøn. På slutten av året begynte diakonen å vera til stades i kyrkja og kl. 19.30 er det kveldsbøn, bibeltime eller musikk. Stundom er det også musikk tidlegare på kvelden. Folk er velkomne til å koma og gå.

Fjell sokneråd har 6 valde medlemmer: Jorunn Småbrekke Gjersvik, leiar. Eigil Nødtvedt nestleiar til 1. nov., Ragnhild Andersland nestleiar frå 1. nov. Søgne Lillevik Nilsen, Helge Nilsen og Arvid Nese. Soknepresten, Morten Torsvik er fast medlem. Frå sommaren 2021 møter Søgne Lillevik Nilsen så ofte ho kan, og 1. vara Rachael Lorna Tufft går inn for henne. Varafolk elles er: Hildegunn Romarheim Heie, Gyri Ann Lie, Anne Elisabeth Hornnes og Hans Kristian Hornnes. Arvid Nese møter også i Fellesrådet med Eigil Nødtvedt som vara.

Vi har hatt 9 møte og behandla 95 saker. Av desse vel eg å nemna:

Den aktuelle situasjonen i Fjell kyrkjelyd under den pågåande pandemien. Ny liturgi etter årsmøtet og evaluering av den. Høringsuttale om kyrkjeleg organisering frå kyrkjerådet. Kystpilegrimsvandringa. Aksjon godheit. Misjonsprosjekta- fornying av prosjektavtalen. Gjevartenesta. Sundagsskulen. Tweens. Interessegrupper for konfirmantar. Frivilligheit. Onsdagssatsing.- bibeltimar. Programfaldar haust og vår. Diakoni- Kva gjer vi slik situasjonen er? Offersøknader og takkofferlister. Økonomi



## Dette vil vi vidare

Så fort vi kan: Sundagsskule. Satsa på å byggja kyrkjelyd/flokken! Få born og ungdom med i flokken. Tilbod til born, ungdom som er adekvate, trygge og kjekke. Familiogudsteneste der familiare er deltakarar. Kyrkjekaffi der familiar, born og unge har sosialt fellesskap. Få fleire faste gjevarar til arbeidet i Fjell kyrkjelyd.

## Informasjonsutvalet

I informasjonsutvalet er Jan Ragnvald Torsvik og Tor Amund Gjersvik medlemmer. Dei samarbeider med informasjonskonsulent Yngvild Sørheim i Øygarden kyrkjelege fellesråd. Utvalet har ikkje hatt fysiske møte.

Informasjonsutvalet har laga informasjonsbrosjyre for Fjell kyrkje vår og haust 2021. Utvalet har ei privat oppretta e-postadresse: informasjonsutval@gmail.com som berre er kunngjort i informasjonsbrosjyra.

Kyrkjene fekk i 2021 ny informasjonsplattform med informasjonsskjermer i kyrkjene. Administrasjon av innhaldet har vore tillagt informasjonskonsulenten ved kyrkjekontoret og Tor Amund Gjersvik i Informasjonsutvalet. I Fjell kyrkje har ein ikkje nytta skjermen fullt ut sidan skjermen står inne i Kyrkjelydssalen. Salen har vore lite brukt på grunn av koronareglane i 2021. Tankearbeid om innhald og alternativ plassering av skjermene er utført.

## Gudstenesteutvalet

I utvalet: Ragnhild Andersland, Arne Bjørøy, Søgne Lillevik Nilsen, Ruth Tangen, Morten Torsvik og Malgorzata Anna Tveit.

Utvalet har hatt 3 møte og arbeidd med: Den nye liturgien. Evaluert korleis den nye liturgien fungerer. Engasjement rundt salmar og salmeutval. Nytt som trengst til leikekroken.

## Frivilligutvalet

### For Frivilligutvalet i Fjell, Gerd Fjeld Andersen

Frivilligutvalet har i 2021 hatt desse medlemmane: Hildegunn R. Heie, Sigrunn Bergsvik, Sigrunn Sæle og Gerd Fjeld Andersen.

På same måte som året 2020 vart også meldingsåret mykje prega av Covid 19-pandemien. Det meste av 1. halvår gjekk med avlyste og antalsbegrensa gudstenester, noko som reduserte bruk av frivillege mest heile våren. Einaste møtet vi har hatt i 2021 var 29.9., på møtet møtte og soknerådsleiar. Vi planla kyrkjekaffien i samband med Hausttakkefesten, «Vi syng jula inn» og Julefesten. Som kjent vart dei to siste arr. ikkje gjennomført grunna

smitten. Hausttakkefesten vart ei fin samling, ei fin gudsteneste og etterfylgjande kyrkjekaffi med heimelaga kaker, kaffi/saft, og loddsal. Vi fekk inn mange gevinstar og vi fekk eit flott beløp, over kr. 5700,-. Saman med takkofferet i gudstenesta, kunne kr 11 452,92 sendast til TV-aksjonen! Årsrekneskap for Fjell sokneråd 2021

## Årsrekneskap for Fjell sokneråd 2021

Fjell sokneråd har lagt bak seg enno eit annleis år, også økonomisk. Både inntekter og utgifter ligg ein god del under det som var budsjettert for året. Soknerådet går samla sett med eit underskot på kr. 14 979,-

Fjell sokneråd har hatt kr 267 100,- i utgifter og kr. 194 262,- i inntekter. Dette gjev eit negativt resultat før finansieringstransaksjonar og avsetjingar til fond på kr. 72 838,-. Fjell sokneråd set av kr. 9 647,- til ulike fond; Fond barne- og ungdomsarbeid, fond Fjell Tweens og fond kyrkjemusikk. Etter dette er det eit underskot på kr 14 979,- som må dekkast inn frå soknerådet sitt disposisjonsfond.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Fjell sokneråd på mange ulike måtar i 2021.

## Medarbeidarane i Fjell sokneteam:

Medarbeidar	Stilling
Morten Torsvik	Sokneprest
Anne L. Kaldestad	Sokneteamleiar
Astrid Fylling	Diakon
Malgorzata Anna Tveit	Kantor
Line Steinsland Mosnes	Administrasjonskonsulent
Søgne Lillevik Nilsen	Trusopplæringsleiar
Ingalis Malmo	Kyrkjetenar
Ragnhild Nilsen	Ungdomsarbeidar
Hermund Nese-Røsten	Ungdomsarbeidar







# ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



**Morten Torsvik**  
Sokneprest

Årsrapporten som skal måle utviklinga i arbeidet, blir nok ein gong prega av å vere eit annleis år. Dei vanlege utviklingstrekk som samanliknar deltaking både til gudstenester og nattverd, blir meningslause, og mest eit uttrykk for stadige endringar i rammevilkåra frå styresmaktene.

Eit par område vil eg likevel trekkje fram.

Det er framleis eit stort tal på gudstenester sjølv om alle skolegudstenester og barnehagegudstenester har gått ut. Dette kjem hovudsakleg av at vi har hatt eigne dåpsgudstenester i tillegg til dei vanlege, og at vi mange dagar må ha fleire dåpsgudstenester etter kvarandre. Dette har vi gjort på grunn av at dei lovlege tala på deltakarar har vore avgrensa i pandemitida. Det blei halde 81 gudstenester mot 82 året før. 50 av desse var gudstenester med dåp eller dåpsgudstenester.

Dåpstala peikar oppover, sjølv om dei fleste blir døypt utanom dei vanlege gudstenestene. 91 blei døypt i fjor, mot 85 i 2020 og 74 i 2019. 78 blei konfirmert, ein markant nedgang frå rekordåret 2020 som hadde 97 konfirmantar. Når det gjeld vigslar peikar pilene oppover igjen, med 17 vigslar mot 11 året før, men framleis ligg vi langt etter 2019 der 26 par gav kvarandre sitt ja. Vi utførte 53 jordpåkastingar, mot 46 i 2020.

Elles har onsdagen i Fjell kyrkje begynt å ta form. Heile året har vi hatt morgonbøn. Etter kvart har vi hatt open kyrkje frå 07.00 til 12.30, med tilbod om rusletur kl. 10, kaffi kl. 11 og middagsbøn kl. 12. Tilbodet på ettermiddagstid og kveldstid har stadig blitt utvida. På slutten av året var det fast møtepunkt kl. 19.30 med temasamlingar, kveldsbøn, salmekveldar og kaffidrøs.

Under gudstenestene har vi einskilde sundagar hatt eit kort diakonalt fokus, og etter gudstenestene har vi hatt tilbod om forbøn.


Den største utfordringa har vore å samle barn i kyrkja. Nokon tilbod har vi til tider klart å gjennomføre, men mange samlingar har gått ut. Når det gjeld

gudstenester har vi prøvd å ha sundagsskule når restriksjonane har letta,- men få barn har kome,- og dei fleste gongene har det ikkje kome nokon. Det same gjeld familiegudstenestene. Vi har invitert til familiegudsteneste utan at eit barn har kome. Usikkerheit både hos barn og vaksne har gjort slike samlingar veldig vanskelege.

Når pandemien slepper taket, er arbeidet blant barn og unge ein viktig prioritet i kyrkjelyden. Her må vi verkeleg leggja hovuda i bløyt for å sjå på kva vi kan gjera for å få barna inn i livet i kyrkjelyden. Dei er ikkje berre framtida for kyrkjelyden og livet i kyrkjelyden, men i høgste grad notida. Ein kyrkjelyd utan barn og unge er temmeleg amputert og manglar ein viktig lem på lekamen..







Ingalis Apelthun Malmo på Minikonsert i Fjell kyrkje

# ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



**Malgorzata Anna Tveit**  
Kantor

## Kyrkjemusikalsk verksemd

Det kyrkjemusikalske arbeidet har vore knytt til gudstenester, gravferder, vigsler, konsertar, samarbeid med grunnskule/ barnehage.

Det har vore medverknad frå ulike musikkaktørar som: solistar, Sotra Reviderte og Fjell kyrkjebrass. 2021 har vore eit spesielt år på grunn av koronapandemien. Restriksjonane har hatt stor innverknad på det musikalske livet i kyrkjelyden.

Mykje av det arbeidet ein la planar for i 2021 har vorte endra på eller avlyst. Konfirmasjonar vart utsett til hausten 2021, gudstenester og konsertar har vorte avlyst, det var avgrensingar i kor mange me har fått lov å samle i kyrkjene, møteverksemd på Teams, restriksjonar som har gjort at ein ikkje har kunne øve med kor eller korps. I staden for fysiske oppmøte/gudstenester fokuserte vi våren 2021 på innspeling og streaming av gudstenester. Julekonserten blei avlyst. Koronapandemien har resultert i at fysisk oppmøte og øving blei erstatta med noteskriving og førebuingar til digitale øvingar for koret mm. Vi klarte likevel å gjennomføre T-dagar, barnehagevandringar, salmekveld i adventstida, å få øve med solistar og få dei med på gudstenester i advent og jul 2021.

## Våren 2021

Det var ikkje lov å øve verken med solistar, korps eller med kor frå januar 2021 til slutten av april 2021. I staden for dette byrja vi i mars 2021 med minikonsertar i Fjell kyrkje der vi kombinerte musikk, bilete og foredrag. Våren 2021 hadde vi fire slike konsertar der vi inviterte kunstnarar og foredragshaldarar. Det var solistar og i juni deltok også Sotra Reviderte på desse konsertane.

## Hausten 2021

Arbeidet som kantor i Fjell i 2021 var å spele under gravferder og gudstenester, øve med solistar og musikkgrupper. Pga pandemien har vi ofte, i staden for fysiske oppmøte/gudstenester, fokusert meir på innspeling og streaming av gudstenester, spesielt om våren. Etter sommaren var det mindre restriksjonar, og vi fekk oftare mogelegheit til å møte opp fysisk. Men i desember blei igjen fysisk oppmøte og øving erstatta med Teams-møte og det blei igjen avlyste konsertar og aktivitetar.

## Konsertaktivitetar i 2021

Vi hadde åtte minikonsertar i 2021 og tre salmekveldar med publikum der det møtte frå tre til 25 personar. I tillegg vart det også arrangert ein konsert med Norsk Folkemusikk i august og Taize-konsert i oktober. Begge konsertane fekk fleire gode tilbakemeldingar. Vi syng jula inn vart avlyst pga. Covid-19.

# ÅRSMELDING FRÅ BARN OG UNGE

Takksame, tenande og frimodige medarbeidarar ser tilbake på fjoråret:

I arbeidet blant barn, unge og familier er vi takksame for:

- Alle gode møte med små og store menneske!
- Inspirerende samarbeid med mange frivillige medarbeidarar og med kvarandre!
- For at trusopplæringsplanen vart fornya og revidert i 2021 (vedteken av Fjell sokneråd våren 2021). Vi gler oss til å fokusere vidare på satsingsområda framover: 0-5 år, Tru i heimen, frivilligheit og heilskapleg gudstjenestearbeid som famnar alle generasjonar.

I tenesta og kvardagen har det vore mykje arbeid og organisering med alternative planar. Mange telefonar, meldingar og teams-møte, sidan det har vore mykje heimekontor. Litt for lite tid til arbeidsfelleskap og for mykje stress. Noko av stresset i fjor haust er forbundet

med at litt for mykje skulle "takast att" for å gi tilbod til dei som fekk avlyst sine tiltak våren 2021.

Vi har hatt frimod til å formidle bibelfortellingane og til å gi det aller beste vi har vidare til barna, ungdomane og familiene!

## Frå T-dagen og anna arbeid blant barn og unge:

- T-dagan(felles trusopplæringsprogram med Landro og Foldnes sokn): Alle T-dagar vart gjennomførte i 2021! Nokre T-dagar som ikkje vart gjennomført i 2020, vart tekne att og arrangerte i 2021. Dei har anten vore gjennomført slik planen tilseier, eller på alternative kreative vis.
- Konfirmantåret 2021: 74 ungdommar (82 % av kullet) tilhøyrande soknet blei konfirmert i Fjell kyrkje, i tillegg til 4 konfirmantar frå andre sokn. Det vart fine og høgtidelege haustkonfirmasjonar! Ved den digitale





Fasteaksjonen i 2021 kom det inn kr 32 801,-

- Søndagsskule: Me har ikkje hatt søndagsskule under pandemien.
- Barnekor i Fjell har hatt i snitt 10 born på 15 øvingar. Dei har hatt to opptredenar.
- Tweensklubben: Har gjennomført ein del samlingar, ute på Skogtun i pandemien, og ein del forenkla samlingar med påmelding i kyrkja. Dei fekk ein kjekk adventsfest i kyrkja :)
- Tweens+: fekk ikkje leir i år.
- To Tweensbibelgrupper har 9 samlingar, med i snitt om lag 10 deltakarar
- KRIK: KRIK Ulveset har hatt 13 samlingar i år, med eit snitt på 10 deltakarar på kvar samling. FamilieKRIK hadde éi samling.
- FUNK står for Felles UNGdomsarbeid i Kyrkja, og har felles tilbod for alle ungdommar i Landro, Fjell og Foldnes sokn; Ungdomslørdag, Tensing, KRIK, bibelgrupper, tweensklubb, Lilleørdag, Landroklubb, Adventsfest, Sommarfest, turar og leiarkurs er noko av tilbodet som ligg under FUNK.

## Frå samarbeidet med skulane og barnehagane:

- Dei to årlege møtepunkta med representantar frå skulane i kommunen, SKU (Skule-Kyrkje-Utvalet), vart

gjennomført, eit fysisk og eit digitalt møte.


- Zippyvandringar, kyrkjegardsbesøk for 2.klassane, gjennomførte for skulane med gangavstand til kyrkja
- Det vart ingen kyrkjevandringar for 3. klassingane i januar 2021, difor gav vi dei tilbodet i november, då dei var 4.klassingar. Gjennomført for skulane med gangavstand til kyrkja.
- Kursa "Vandring gjennom Bibelen" vart avlyste.
- Påskevandringar: Vi hadde 4 barnehagegrupper i soknet som kom til påskevandring i kyrkja. Vi vandra gjennom påskedagane saman, med eit flott opplegg med vakker musikk, palmeblad, fotvasking, blomar, lys og engasjerte born og vaksne.
- Julevandringar: Vi hadde 4 barnehagegrupper på julevandring i kyrkja. Barn og vaksne vandra saman mot Betlehem og Jesu fødsel, i kvar sine roller.
- I haust inviterte kyrkja til kunstutstilling med tema HAUST. Tre skular og to barnehagar laga fine kunstverk i glade fargar. Fleire av dei kom også på kunstutstilling for å sjå!
- Adventgudstenester for skulane: Ingen av skulane kom til kyrkja, dette var grunnlagt i manglande økonomi til transport og ikkje i pandemien. Skålevik skule fekk besøk av soknepresten til sine to adventssamlingar på skulen. Restriksjonar gjorde at soknepresten ikkje fekk besøke dei andre skulane i soknet.






# STATISTIKK

## DELTA KING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT



Søylen viser det totale tal gudstenedeltakarar i sidan 2018 og tal døypte i Fjell sokn sidan 2016.

## TAL DØYPTE





DELTAKARSTATISTIKK FOR  
BARNE- OG UNGDOMSARBEID





